

Postmottaket

Fra: Haakon Innset [haakon.innset@ulvik.kommune.no]
Sendt: 15. desember 2003 14:50
Til: Postmottaket
Emne: høyring sak 2003 02997

2003 2997 130

ULS 2003 ASR/BS
T.N 486



Ulvik herad uttale
forskrift, ...

Vedlagt ligg framlegg til vedtak for høyringsuttale sak 2003 02997, til
Ulvik heradsstyre.

Vedtak vil verta sendt rett etter møtet som vert halden onsdag 17.12.03.

Helsing frå

Haakon Innset
Einingsleiar landbruk, Ulvik herad

Tlf 40 00 71 54/56 52 70 54

Epost: haakon.innset@ulvik.kommune.no

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Høring Utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	17.12.2003	
Sakshandsamar Haakon Innset	Arkiv: V10 Objekt:	Arkivsaknr 2003000800

Vedlegg:

Sakstilfang:

Nr	T	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	Landbruksdepartementet	Høring Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Forskriftene skal på jordbrukssida erstatta:

- ☐ Forskrift om tilskudd til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar, av 26. februar 1999 nr. 273 (STILK).
- ☐ Forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak, av 1. januar 2000 (IMT).
- ☐ Områdetiltak

På skogbrukssida skal den erstatte noveranda sju forskrifter:

- ☐ Forskrift om behandling av søknader og utbetaling av statstilskudd m. v. til skogsveger, fastset 1. juni 1979.
- ☐ Forskrift for tilskudd til praktikanter i skogbruket, fastsett 2. mai 1980.
- ☐ Forskrift om tilskot til førstegongstynning, fastsett 22. desember 1980.
- ☐ Forskrift om tilskudd til drift i vanskelig terreng, fastsett 24. oktober 1983.
- ☐ Forskrift om tilskot til skogkultur, fastsett 16. mai 1994.
- ☐ Forskrift om tilskudd til bygging av skogsveger, fastsett 298. juni 1994.
- ☐ Forskrift om tilskudd til miljøtiltak i skogbruket, fastsett 24. oktober 2001.

Saksutgreiing:

I sakshandsaminga av St. meld. Nr. 1 (2001-2002) –nye oppgåver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå, vedtok Stortinget at ei rekkje nye oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Tilsvarande gjeld for dei økonomiske verkemidlane (LUF). Stortinget ønskjer med dette å styrka det lokale sjølvstyret, gi kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver, og samtidig medvirka til betre målretting og effektivisering av statleg verkemiddelbruk.

Som ei oppfølging av desse endringane, vil heradet frå 2004 få tildelt ei årleg ramme frå Fylkesmannen som vil omfatta:

- ☐ Midlar til miljøtiltak i landbruket.
- ☐ Midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- ☐ Midlar til skogbruksplanlegging

Bruken av desse midlane skal forvaltaast med grunnlag i høyringsutkast til forskrift i denne saka.

Som det går fram av høyringsutkastet, vil heradet få stor fridom til å prioritera mellom dei ulike tiltaka, og denne prioritering vil koma fram i landbruksplanen som er under utarbeiding.

Kommentar/Vurdering:

- Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Til § 3 – Vilkår (Sitat).

".. Tilskudd kan ikke gis til prosjekter eller tiltak på landbrukseiendom der det offentlige har eierinteresser".

Merknad:

Dette punktet er uheldig for mellom anna jordbruk-/hagebruksskular og Planteforsk. Dette er institusjonar som forvaltar både bygningsmasse og landbruksareal som det er viktig å ta vare på.

Nytt framlegg:

- Kommunane må kunna gje dispensasjon frå dette vilkåret.

Til § 5 – Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensningstiltak.

Merknad:

Det er i denne paragrafen ikkje nemnt tilskot til årlege tiltak, som tildømes skjøtsel av kulturlandskap på "gamal måten", for å ivareta kvalitet og biologisk mangfald. Dette må innarbeidast.

Nytt framlegg:

- Det kan ytast årlege tilskot med inntil 100 % av tilskotsgrunnlaget.

Til § 10- Omgjøring, tilbakebetaling og motregning (Sitat).

.."Kravet kan motregnes i tilskudd som utspringer av mottakerens jordbruksvirksomhet".

Merknad:

det ikkje er noko absolutt krav i forskrifta til stønadsmottakarar om også å vere mottattakar av produksjonstilskot. Det treng difor heller ikkje nemnast særskilt i forskrifta..

Nytt framlegg:

- Dette leddet må strykast.

Til § 12 – Ikrafttredelse (Sitat).

"Denne forskriften trer i kraft 1. januar 2004.

Merknad:

Heradet har ikkje utarbeid landbruksplan med prioriteringar og tiltaksplanar enno. Dette er tenkt ferdigstilt til sumaren. Det er altså naudsynt at Fylkesmannen, også i 2004, kan vera med å forvalta tilskotsordningane. Det hadde vore betre om forskriftene tok til å gjelda frå og med 2005.

Nytt framlegg:

- Denne forskriften trer i kraft 1. januar 2005.

- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Til Kapittel 2. Tilskudd til skogkultur (Sitat).

§ 2-1, Generelt.

"Det gis ikke tilskudd til skogplanting, såing, kjøp av utstyr eller til tiltak som ved uttak av virke gir overskudd".

Merknad:

Det er viktig for skognæringa at det vert sikra forynging av dei areala som vert avverka. Oppbygging av framtidsskogen er av større verdi for samfunnet enn for den enkelte skogeigar. Det er difor naturleg at samfunnet tar sin del av investeringane gjennom statlege tilskot. Ei tilskotsordning til all planting vil også virka motiverande for skogeigarane, og gjera til at me oppretthelda det produktive arealet. Kommunane bør sjølve kunne vurderer om dei vil prioritera tilskot til dette tiltaket.

Nytt framlegg:

- Dette leddet bør strykast.

Til kapittel 3. Tilskudd til vegbygging. (Sitat).

§ 3-1 Generelt.

"Det skal ikke gis tilskudd til bygging av veger som fører til reduksjon av <villmarkspregete områder>, dvs. områder som ligger mer enn 5 km fra eksisterende tekniske inngrep".

Merknad:

Definisjonen av inngrepsfrie område er berre av statistisk og akademisk interesse. Det seier ikkje noko om biologiske tilhøve, og det har heller ingen verdi for rødlisteartene. Forslaget slik det føreligg i høyringsforslaget er urimeleg. No har samfunnet dei siste 50 åra investert i skogreising på Vestlandet, og når skogen snart er hogstmoden, skal ein ikkje kunne legge til rette for å ta den ut!

Nytt framlegg:

- Det skal ikke gis tilskudd til bygging av veger som fører til reduksjon av <villmarkspregete områder>, dvs. områder som ligger mer enn 5 km fra eksisterende tekniske inngrep. Unntaket er skogreisingsområdene med hogstmoden gran på Vestlandet.

Til Kapittel 5. Tilskudd til andre miljøtiltak (Sitat).

§ 5-1, Generelt.

"Det gis ikke anledning til å gi tilskudd til taubanedrift".

Merknad:

I bratte vestlandslie må ein enten byggja veg eller nytta taubane for å få ut tømmeret. Om denne høyringa går i gjennom slik den ligg føre, vil dette få store negative konsekvensar for skogbruket på Vestlandet. Kvifor kan ein ikkje gje tilskott til taubanedrift på Vestlandet?

- Dette må vera eit innspel for å freda skog som har stått urørt over lenger tid, og ikkje vestlandsgrana som er planta på 1900 –talet. Her må det ei differensiering til, og i Hordaland må det vera opp til den einskilde kommune kva dei ynskjer å prioritera.

Nytt framlegg:

- Dette leddet må strykast.

Kommentar til klargjeringa av ordninga i følgjebrev dagsett 28.10.03:

Sitat: - tilskudd til veiformål kan ikke utgjøre mer enn maksimalt 50 % av det tildelte beløp til skogkultur i den enkelte kommune".

Merknad:

I følgeskrivet til høyringa er det lagt inn eit krav at kommune ikkje kan løyve meir enn 50 % av totalramma til skogbrukstiltak, til vegbygging. I Hordaland vil me få problem med dette kravet. Dei seinaste åra har fordelinga lagt på rundt 80 % til vegbygging. Å leggja inn dette kravet, gjer at det vert dårlegare utnytting av midlane, og ein må vera "oppfinnsam" for å kunna nytta heile tilskotet.

Nytt framlegg:

Det må ikkje vera noko føring på kor stor del av tilskotet til skogtiltak som kan nyttast til vegformål, - det må vera opp til den einskilde kommune.

Framlegg til vedtak:

Ulvik herad sin uttale til "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket" og "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket", vert vedteken i samsvar med merknadane/framlegg i saksutgeiinga.